



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 11.06.2025

Vår ref.: 202512942-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høring av søknad om løyve til midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet ved Vasstølvatn i Suldalsvassdraget i Suldal kommune, Rogaland fylke

NVE har fått ein søknad frå Hydro Energi AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved å tappe under lågaste regulerte vasstand (LRV) i Vasstølvatnet. Dette er planlagt i perioden 01.08.2025 – 01.10.2025.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Hydro Energi, datert 10.06.2025, om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved å tappe under LRV i Vasstølvatnet. Hydro Energi gjennomfører nå oppgraderingar ved reguleringsmagasina Vasstølvatn og Finnabuvatn, for å oppfylle NVE sine krav til damtryggleik. Vasstølvatn er reguleringsmagasin for Røldal kraftverk. I haust skal Hydro skifte inntaksluka ved Vasstølvatn, og det er i samband med dette arbeidet naudsynt å senke vasstanden i magasinet med inntil 5 m under LRV, frå kote 732,5 til kote 728,0. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9691/V.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytte til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessantar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202512942 i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **09.07.2025**

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Andre midlertidige løyve

NVE har tidlegare gjeve løyve til midlertidig senking av Vasstølsvatnet på inntil 5 m under LRV i periodane 01.07.2024 – 01.10.2024 og 01.01.2025 – 01.05.2025. Vedtaka er tilgjengeleg på sakene sine nettsider: www.nve.no/9242/V og www.nve.no/9500/V.

Med helsing

Marianne Angård

Førstekonsulent

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
Suldal kommune
Setesdal-Ryfylke Villreinområde

Kopimottakarliste:

HYDRO ENERGI AS - Johnny Bruheim